

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 18/430 -
Arkivkode: 102

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 68/18	FORMANNSKAPET	25.10.2018
PS 82/18	FORMANNSKAPET	13.11.2018
PS 83/18	FORMANNSKAPET	19.11.2018
PS 93/18	FORMANNSKAPET	27.11.2018
PS /	KOMMUNESTYRET	12.12.2018

BUDSJETT 2019 - ØKONOMIPLAN 2019 - 2022

Vedlegg: BUDSJETTNOTAT
PARTSBREV VEDR. BUDSJETT 2019 FOR KONTROLL OG
TILSYNSARBEID
SØKNAD OM FRITAK FOR HALLEIGE
NOTAT TIL FORMANNSKAPET 19. NOVEMBER
GEBYRREGULATIV

- HELSE- OG SOSIAL
- SKULE/BARNEHAGE
- TEKNISK DRIFT

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 25.10.2018:

Budsjettframlegget vart gått gjennom i møte, formannskapet ønskjer følgjande utsendt til vidare politisk handsaming:

- Eit oversyn over kommunen sine bundne driftsfond og eventuelt disposisjonsfond med vedtekte føringar.
- Søknader i samband med «oppsjonar» i investeringsplanen då:
 - E- brygge – promenade Våge hamn
 - Søknad om støtte til parkeringsplassar i Våge frå Fonna AS

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 13.11.2018:

Representantent Magnar Solheim hadde følgjande kommentarer og innspel til budsjett 2019:

Ref. økonomiplanen 5.3.6.2 Tysnes omsorgssenter: Det er sett opp eit ynskje om 2 årsverk på å styrkje nattevakt og kultur/aktivitør. I stilling som aktivitør bør ein leggje til rette for at ein kan kome heim på heimebesøk til brukarar som har behov for det. Representanten meiner at desse 2 årsverka bør vurderast i samband med neste års budsjett.

Representanten tok vidare opp ønskje om å framskunda oppstart av investering i ny barnehage på Onarheim. I ljøs av at det er sett inntaksstopp for nye born i Onarheim barnehage er det tilrådd at barnehagen vert framskunda til 2019 med ferdigstilling i 2020.

Rådmannen svara at dette ikkje let seg gjere å skyva fram barnehagen ut frå at økonomiplanen byggjer på ein føresetnad om utbetalingar frå Havbruksfondet i 2020.

Representanten Arne Leite tok opp innspel frå einingsleiar institusjon om ei styrking knytt til 1,5 stillingar på ettermiddag/kveld, samt 0,5 stilling som aktivitør/kulturarbeidar ved omsorgssenteret. Framlegget femnar om og fell saman med framlegg frå representanten Solheim.

Representanten Leite tok også opp søknad motteke frå Tysnes Idrettslag om gratis leige av hallen for idrettslaget sin aktivitet. Det vart bede om at administrasjonen reknar kostnader av å imøtekoma søknaden.

Ordføraren gjorde framlegg om å etablere ei eiga stilling, eller funksjon som kreftkoordinator. Han peika på ein modell der det vert gjennomført frikjøp i tenesta tilsvarande 0,2 årsverk.

Representanten Anne Merethe Fjeldstad spelte inn ønskje om å etterkoma søknad frå styre i Tysnes Frivilligsentral om å auka den faste stillinga opp tilsvarande 0,5 årsverk.

Representanten Fjeldstad sette vidare fram framlegg om at det vart sett av ressursar til å utarbeida ein eigen reiselivsplan. Det er ønskjeleg at planen vert utarbeidd av ekstern rådgjevar.

Formannskapet ba om at rådmannen såg på effektane av dei ulike framlegga og at dette vert lagt fram og gjennomgått i eit ekstra formannskapsmøte 19. november kl. 16:00.

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 19.11.2018:

Notat frå rådmannen dagsett 16. november vart gjennomgått i møte. I notatet vert det gjort greie for kva konsekvensar ulike framlegg frå formannskapet vil påverka budsjett for 2019 og økonomiplanperioden fram til og med 2022.

Rådmannen meiner at investeringsplanane frametter er så krevjande at det ikkje er tilrådeleg å auka kostnader til drift, i særskilt grad uttrykker rådmannen uro for effekten frå og med år 2020 og frametter i økonomiplanen. Ei mogleg auke i investeringsramma for perioden tilsvarende om lag 40 millionar er ikkje mogleg å sameine med varig høgare driftsutgifter så fram det ikkje er tilsvarende vilje og evne til å auka driftsinntektene. Store kostnadsaukar for 2019 må følgjast opp gjennom driftsrasjonaliseringar for driftsåret 2020 og frametter.

I møte vart det drøfta detaljar knytt til ei eventuell innretning på nye stillingar, det vart også drøfta om ein kan utlikna effekten av ein ny stilling som psykolog frå 2020 gjennom sal av tenester til andre kommunar.

Det vart avtalt i møte at møtetidspunkt for neste møte i formannskapet vert tysdag 27. november kl. 14:00.

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 27.11.2018:

Representanten Arne Leite hadde i forkant av møte utfordra administrasjonen på korleis forventa skatteinntekter vert budsjettert. Han viste til at det i åra 2014-17 er ført totalt 14,9 millionar meir i skatteinntekter denn det som var budsjettert. Ei underbudsjettering av inntekter kan gje ei uønskt «slark».

Økonomisjefen gjekk i møte litt gjennom metodikken på korleis inntekter vert budsjettert, han understreka her at skattevekst og rammetilskot er storleikar som heng saman og at det er den samla inntekta for desse to områda som er interessant i budsjettsamheng. Økonomisjefen sa elles at me har lagt til grunn KS og departementet sine modeller for inntektsrekning og at me har vore atterhaldne med å gjera heilt eigne vurderingar. Dei samla inntektsmodellane treff relativt betre enn om me berre ser på skatt.

Administrasjonen vart oppmoda om å vurdere dette vidare frametter, men det vert ikkje sett fram framlegg om å oppjustera inntektene som er lagt til grunn i budsjett for 2019 og økonomiplanen 2019-2022.

Budsjettdokumentet vart gjennomgått punktvis, og det vart sett fram endringsframlegg som vart røysta over fortløpande før det vart gjennomført ei samla avrøysting avslutningsvis. Reint praktisk sette ordføraren fram dei fleste framlegg til vedtak, han presiserte i denne samanhengen at dette var for å koma fram til omframe vedtak med bakgrunn i dei drøftingane formannskapet har gjennomført og at alle framlegga såleis ikkje er sett fram på vegner av Høgre.

Drift:

Under punkt 4.1.1 Kommunestyre, formannskap og nemnder sette ordføraren fram slikt framlegg:

«Kommunestyret ynskjer at forvaltningsrevisjon av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie og omsorgstenestene, som er prioritert som nr. 3 i plan for forvaltningsrevisjon, skal gjennomførast i 2019.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget.

Under punkt 4.1.10.2 – Tysneshallen sette ordføreren fram slikt framlegg:

«Det vert sett av 130.000 til gratis leige av Tysneshallen. Dette gjelder for leige av hall til idrettsaktiviteter. Det skal leggest fram ei eigen sak på dette i første kommunestyret i 2019, for å avklare for kva grupper dette gjelder, og for å avklare ei eventuell tidsbegrensing på avtalen om gratis hall leige. «

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget.

Under punkt 4.2.2 – Grunnskule sette ordføreren fram slikt framlegg:

«Det skal startast arbeid med å legge om skuledrifta i barneskulen til 5 dagers skule.»

Under punkt 5.3.6 - Pleie og omsorg sette ordføreren fram slikt framlegg:

«Det vert sett av midlar til 20 % frikjøp i pleie og omsorg til oppretting av 20% stilling som kreftkoordinator.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget.

Under punkt 5.3.6 – Pleie og omsorg sette ordføreren vidare fram slikt framlegg:

«Det skal i 2019 jobbast vidare med ordninga med Vikarpool, for å jobba med å auka stillingane i pleie og omsorg, samt redusera bruken av innleie av vikarar.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget.

Under punkt 5.3.11 – Friviljugsentralen sette ordføreren fram slikt framlegg:

«Det vert sett av pengar til å støtta søknaden frå friviljugsentralen til ein auke i stillingsprosent til 100 %.

Det vert føresett at nye ressursar i særskilt grad skal arbeide opp mot frivilligkonsept opp mot eldreomsorga.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget.

Under punkt 5.4.5 – Teknisk drift sette ordføreren fram slikt framlegg:

«Det skal undersøkast muligheita for installering av varme i golvet på Stjernereiso barnehage, samt sjå på muligheita for å gjennomføra noko meir støyreducerande tiltak.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget.

Under punkt 5.4.5.2 Vegar sette ordføreren fram slikt framlegg:

«Når berekningsmodellen for ferjeavløysingsmidlar for ferjesamband med meir enn to ferjeanløp er ferdigstilt frå kommunal - og moderniseringsdepartementet, og viss

sambandet er fullfinansiert gjennom ferjeavløysingsordninga skal Tysnes kommune fortløpande utføra:

- 1. Avtala kostnadsdeling for gjennomføring av detaljreguleringsplan mellom Stord kommune, Tysnes kommune og Hordaland fylkeskommune.*
- 2. Ha som mål i år 2020 å setja av naudsynte midlar til gjennomføring av detaljreguleringsplan for fastlandsambandet Huglo – Tysnes.»*

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget.

Under punkt 5.4.4 – Byggforvaltning vart framlegg til gebyrregulativ drøfta. Ordføraren peika på at det er viktig å koma tidleg i gang med å hente ut gevinstar knytt til mogleg effektivisering av arbeidet. Inn under dette arbeidet bør det også leggjast vekt på å sjå på prosessar mellom politikk og administrasjon, mellom anna vurderer om fleire saker kan delegerast til administrasjonen. Ordføraren sette fram slikt framlegg:

«For å effektivisere område landbruk og teknisk skal også tilhøve mellom politikk og administrasjon vurderast.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget.

Representanten Magnar Solheim tok også opp problemstilling om å vurderer om heile eller deler av landbruksamarbeidet me har gjennom Bjørnefjorden landbrukskontor bør tilbakeførast til utføring i eigen regi. Det var særskilt opp mot handsamingar etter jordlova dette vart vurdert som relevant.

Investeringar:

Ordføraren viste til at saka som nyss er vedteken opp mot investering i Tysnes skule vert innarbeidd i budsjettet.

Under investeringar sette ordføraren fram slikt samla framlegg:

«Tysnes kommune vil støtta utviding av parkeringsplassar i Solheimsdalen med 400.000.

Tysnes avventer kjøp av ny båt til Blå skule til søknad om dispensjon for den båten me leiger vert avklara. Dersom det ikkje vert gjeve dispensasjon vert det gjort ny vurdering om investering i båt til Blå skule.

Tysnes kommune ynskjer å få fleire offentlige parkeringsplassar i Våge. Om Hordaland fylkeskommune ikkje gjev støtte, eller full støtte, vil Tysnes kommune investera i 7 nye parkeringsplassar i Våge.

Verbaltillegg: Dei øvrige prosjekta som ligg som opsjonar, skal takast med til ny vurdering i budsjettarbeidet for budsjettet 2020.»

Representanten Magnar Solheim meinte at nye parkeringsplassar her eventuelt må vera eit fylkeskommunalt ansvar. Etter drøftingar frafalt ordføraren tredje avsnitt i framlegget med vising til at det eventuelt kan takast opp att som sak om det skulle bli turvande. Ordføraren sette då fram slikt endra framlegg:

«Tysnes kommune vil støtta utviding av parkeringsplassar i Solheimsdalen med 400.000.

Tysnes avventer kjøp av ny båt til Blå skule til søknad om dispensjon for den båten me leiger vert avklara. Dersom det ikkje vert gjeve dispensasjon vert det gjort ny vurdering om investering i båt til Blå skule

Verbaltillegg: Dei øvrige prosjekta som ligg som opsjonar, skal takast med til ny vurdering i budsjettarbeidet for budsjettet 2020.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget.

Representanten Magnar Solheim ba om at Onarheim barnehage vert framskunda, han meiner at administrasjonen her bør vurderer dette vidare også opp mot OPS kontrakt for utbygginga. Han viser elles til at administrasjonen bør ha kapasitet til å gjennomføra dette. Rådmannen viste til at slik saka står no byggjer investering i ny barnehage på at det vert tilført nye midlar frå Havbruksfondet i 2020 og at finansieringa såleis ennå ikkje er på plass.

Representanten Magne Hauge Skartveit sette fram slikt framlegg under investeringar:

« Det vert løyva kr. 1 million til Onarheim barnehage i 2020 for å koma i gang med planlegginga.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget frå Magne Hauge Skartveit.

Med bakgrunn i dei punktvis avrøystingane sette ordføraren fram slikt samla framlegg til budsjettvedtak:

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2019-2022 med følgjande endringar:
 - a. Det vert sett av kr. 500` i tilskot til prosjekt med utlegging av e-bryggja, Våge hamn, jf. PS 78/18
 - b. Det vert sett av kr. 250` i tilskot til prosjekt for utgreiing av Sunnfast, jf. PS 91/18
 - c. Total ramme for prosjekt for nytt mellomtrinn ved Tysnes skule blir sett til kr. 101 000 000, jf. PS 92/18
 - d. Kommunestyret ynskjer at forvaltningsrevisjon av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie og omsorgstenestene, som er prioritert som nr. 3 i plan for forvaltningsrevisjon, skal gjennomførast i 2019.

- e. Det vert sett av 130.000 til gratis leige av Tysneshallen. Dette gjelder for leige av hall til idrettsaktiviteter. Det skal leggest fram ei eigen sak på dette i første kommunestyret i 2019, for å avklare for kva grupper dette gjelder, og for å avklare ei eventuell tidsbegrensing på avtalen om gratis hall leige.
 - f. Det skal startast arbeid med å legge om skuledrifta i barneskulen til 5 dagers skule
 - g. Det vert sett av midlar til 20 % frikjøp i pleie og omsorg til oppretting av 20% stilling som kreftkoordinator.
 - h. Det skal i 2019 jobbast vidare med ordninga med Vikarpool, for å jobba med å auka stillingane i pleie og omsorg, samt redusera bruken av innleie av vikarar.
 - i. Det vert sett av pengar til å støtta søknaden frå friviljugsentralen til ein auke i stillingsprosent til 100 %.
 - j. Det vert føresett at nye ressursar i særskilt grad skal arbeide opp mot frivilligkonsept opp mot eldreomsorga.
 - a. Det skal undersøkast muligheita for installering av varme i golvet på Stjernereiso barnehage, samt sjå på muligheita for å gjennomføra noko meir støyreducerande tiltak.
 - b. Når berekningsmodellen for ferjeavløysingsmidlar for ferjesamband med meir enn to ferjeanløp er ferdigstilt frå kommunal - og moderniseringsdepartementet, og viss sambandet er fullfinansiert gjennom ferjeavløysingsordninga skal Tysnes kommune fortløpande utføra:
 - a. Avtala kostnadsdeling for gjennomføring av detaljreguleringsplan mellom Stord kommune, Tysnes kommune og Hordaland fylkeskommune.
 - b. Ha som mål i år 2020 å setja av naudsynte midlar til gjennomføring av detaljreguleringsplan for fastlandsambandet Huglo – Tysnes.
 - c. For å effektivisere område landbruk og teknisk skal også tilhøve mellom politikk og administrasjon vurderast.
 - d. Tysnes kommune vil støtta utviding av parkeringsplassar i Solheimsdalen med 400.000.
 - e. Tysnes avventer kjøp av ny båt til Blå skule til søknad om dispensjon for den båten me leiger vert avklara. Dersom det ikkje vert gjeve dispensasjon vert det gjort ny vurdering om investering i båt til Blå skule
 - f. Dei øvrige prosjekta som ligg som opsjonar, skal takast med til ny vurdering i budsjettarbeidet for budsjettet 2020.
 - g. Det vert løyva kr. 1 million til Onarheim barnehage i 2020 for å koma i gang med planlegginga.
2. Skatteøre vert sett lik høgaste sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
3. I medhald av eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2 og 3, 1.ledd, bokstav a) vert det vidareført i 2019 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2019 på 3,5 promille, jf. esktl. §§ 11 og 13. Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2019.

I medhald av esktl. § 7 bokstav b) vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Ny oppført bygning som heilt eller delvis vert nytta som bustad vert fritatt etter esktl. § 7, bokstav c) i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter esktl. § 7 bokstav a) vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar, jf. esktl. § 25.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningslinjer, jf. Kommunestyresak 22/08, 31/08, 47 /08 mfl., sist endra i kommunestyresak 28/18 den 19.juni 2018.

4. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter i Tysnes kommunemed verknad frå 1. januar 2019 og elles slik det går fram av følgjande vedlegg:
 - a. Betalings- og husleigesatsar, opphaldsutgifter – Helse- og sosial 2019
 - b. Betalingsatsar – oppvekstsektoren 2019
 - c. Gebyrregulativ for området Landbruk og teknisk 2019

5. Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i samsvar med investeringsplan for 2019. Lån vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 27.11.2018:

Med bakgrunn i dei punktwise avrøystingane sette ordføraren fram slikt samla framlegg til budsjettvedtak:

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2019-2022 med følgjande endringar:
 - a. Det vert sett av kr. 500` i tilskot til prosjekt med utlegging av e-bryggja, Våge hamn, jf. PS 78/18
 - b. Det vert sett av kr. 250` i tilskot til prosjekt for utgreiing av Sunnfast, jf. PS 91/18
 - c. Total ramme for prosjekt for nytt mellomtrinn ved Tysnes skule blir sett til kr. 101 000 000, jf. PS 92/18
 - d. Kommunestyret ynskjer at forvaltningsrevisjon av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie og omsorgstenestene, som er prioritert som nr. 3 i plan for forvaltningsrevisjon, skal gjennomførast i 2019.

- e. Det vert sett av 130.000 til gratis leige av Tysneshallen. Dette gjelder for leige av hall til idrettsaktiviteter. Det skal leggest fram ei eigen sak på dette i første kommunestyret i 2019, for å avklare for kva grupper dette gjelder, og for å avklare ei eventuell tidsbegrensing på avtalen om gratis hall leige.
 - f. Det skal startast arbeid med å legge om skuledrifta i barneskulen til 5 dagers skule
 - g. Det vert sett av midlar til 20 % frikjøp i pleie og omsorg til oppretting av 20% stilling som kreftkoordinator.
 - h. Det skal i 2019 jobbast vidare med ordninga med Vikarpool, for å jobba med å auka stillingane i pleie og omsorg, samt redusera bruken av innleie av vikarar.
 - i. Det vert sett av pengar til å støtta søknaden frå friviljugsentralen til ein auke i stillingsprosent til 100 %.
 - j. Det vert føresett at nye ressursar i særskilt grad skal arbeide opp mot frivilligkonsept opp mot eldreomsorga.
 - a. Det skal undersøkast muligheita for installering av varme i golvet på Stjernereiso barnehage, samt sjå på muligheita for å gjennomføra noko meir støyreducerande tiltak.
 - b. Når berekningsmodellen for ferjeavløysingsmidlar for ferjesamband med meir enn to ferjeanløp er ferdigstilt frå kommunal - og moderniseringsdepartementet, og viss sambandet er fullfinansiert gjennom ferjeavløysingsordninga skal Tysnes kommune fortløpande utføra:
 - a. Avtala kostnadsdeling for gjennomføring av detaljreguleringsplan mellom Stord kommune, Tysnes kommune og Hordaland fylkeskommune.
 - b. Ha som mål i år 2020 å setja av naudsynte midlar til gjennomføring av detaljreguleringsplan for fastlandsambandet Huglo – Tysnes.
 - c. For å effektivisere område landbruk og teknisk skal også tilhøve mellom politikk og administrasjon vurderast.
 - d. Tysnes kommune vil støtta utviding av parkeringsplassar i Solheimsdalen med 400.000.
 - e. Tysnes avventer kjøp av ny båt til Blå skule til søknad om dispensasjon for den båten me leiger vert avklara. Dersom det ikkje vert gjeve dispensasjon vert det gjort ny vurdering om investering i båt til Blå skule
 - f. Dei øvrige prosjekta som ligg som opsjonar, skal takast med til ny vurdering i budsjettarbeidet for budsjettet 2020.
 - g. Det vert løyva kr. 1 million til Onarheim barnehage i 2020 for å koma i gang med planlegginga.
2. Skatteøre vert sett lik høgaste sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
 3. I medhald av eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2 og 3, 1.ledd, bokstav a) vert det vidareført i 2019 utskrivning av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2019 på 3,5 promille, jf. esktl. §§ 11 og 13. Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2019.

I medhald av esktl. § 7 bokstav b) vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Ny oppført bygning som heilt eller delvis vert nytta som bustad vert fritatt etter esktl. § 7, bokstav c) i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter esktl. § 7 bokstav a) vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar, jf. esktl. § 25.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningsliner, jf. Kommunestyresak 22/08, 31/08, 47 /08 mfl., sist endra i kommunestyresak 28/18 den 19.juni 2018.

4. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter i Tysnes kommunemed verknad frå 1. januar 2019 og elles slik det går fram av følgjande vedlegg:
 - a. Betalings- og husleigesatsar, opphaldsutgifter – Helse- og sosial 2019
 - b. Betalingssatsar – oppvekstsektoren 2019
 - c. Gebyrregulativ for området Landbruk og teknisk 2019

5. Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i samsvar med investeringsplan for 2019. Lån vert teke opp med 30 års nedbetalingstid.»